



Nelly Hermanssen vann roboten, men her er det Marianne og Nikolai som viser den fram

Det var betydeleg færre som kom på aktivitetdagen i år enn ifjor - truleg stoppa det rundt 500, hvis ein skal gje eit anslag. Grunnen til det er uviss, men den kan i alle fall ikkje skuldast at eit hovudinnslag måtte sløyfast grunna at det meldte seg bere 2 deltakare. Det var sykling på vatnet og det var ikkje kjend på førehand at det måtte avlysast. Dette innslaget vart lansert i fjor som erstatning for den spektakulære hopp-i-havet- seansen. Kanskje er det grunn til å ta inn igjen den i programmet? På den andre siden vart den nye høneskitbingoen bortimot ein fulltreffar med 178 selde ruter og Nelly Hermanssen som vinnar av ein robotplenklyppar til nær 10 000 kroner.




Dei venter på at hanen eller hønene skal avgjera tevlinga!

Høneskittbingoen kom til erstatning for kuskitbingoen og hadde ein hane og 2 høner av uvisse raser som aktørar. Arrangøren hadde ingen erfaring med denne originale konkurranseformen, men den var vellukka. Høna avgjorde tevlinga etter eit kvarter!

Bøndene var i det heile med fynd og klem etter fråveret i fjor og lokka med både nye og gamle tevlingar. Av dei siste var jurklut-tevlinga og hesteskokastinga populære. Den yngre generasjon utfalda seg på tråtraktor.

Trond og Asbjørn Olsen syntte fram nokre eldre traktorar, mellom andre ein Fahr frå midten av 1950-talet. Det utløyste denne replikkvekslinga med far Trygve og son Arne Johannes Haugland til stades:

- Har au sett Fa(h)r?.
- Ja, han står der!



Ronya song vakkert

Som det plar vera var også toget trukke av traktor svært populært. Eit anna innslag som no er ein tradisjon er andesleppet. Lår vugga 450 ender seg gjennom bølgene og det gjekk raskt på grunn av stor vassføring. Ein dansetropp og sangfuglane Synne Lee Hamre og Ronya Lakselv varma alle og rundt på den grønne plenen var det mye artige tilbod. Den nye leiinga lovar å nytte den mykje meir enn før.

Lat det også gjelda for trekkspelklubben!

Den berykta sjørøver Sprød vert meir aggressiv år for år.

No har han skaffa seg ein superrask speedbåt som krev samordna mottiltak!



Jostein var flink tsktortrækker

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



FAR OG SØNN MED FAHR



Sprødere for kvart år!